



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: OL485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
OSL/05/26

Dato:
06.05.2026

Innkalling til møte i Fellestrådet i Kvam

Stad: Øystese kyrkje
Tid: Onsdag 20.mai kl 16.30

Sakliste: 08/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
09/26 Meldingar
10/26 Økonomisk rapport 1. kvartal 2026
11/26 Avtale om flygel i Norheimsund kyrkje
12/26 Endra økonomisk praksis for klokkarteneste
13/26 Godkjenning av søknad om kyrkjeskip i Øystese
14/26 Revidert budsjett 2026

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL MØTT !

For Fellestrådet:

Kjell Dysvik, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

Sak 08/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 11. mars 2026 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

Sak 09/26 Meldingar

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Kyrkjeverje har inngått arbeidsavtale med Yuriy Ptashnikov frå Ukraina. Han er tilsett på sommarkontrakt, og skal syta for at kyrkjegardane våre er velstelte og vakre heile sommaren. Kontrakta går ut 30. september 2026, og NAV er med og gjev lønstilskot. I går slo han graset på kyrkjegarden i Øystese medan snøen lavde ned. Han lurar nok på kva land han er komen til.
- Solveig Sangolt, vår gode kyrkjelydspedagog, kjem attende til oss frå hausten av. Ho har vore ute i permisjon dette året, men vender altså attende frå hausten av i sin 60% -stilling. Me ynskjer ho varmt velkomen attende!
- Soknerådet i Vikøy sitt arbeid med å kjøpa inn ikon til Norheimsund kyrkje er lagt på is på ubestemt tid. Uroa som breidde seg i kyrkjelyden over den tenkte plasseringa, gjorde at kunstnaren Solrun Nes valde å trekkja bileta attende. Ho ynskjer ikkje å bidra til strid i kyrkja. Det er uvisst om soknerådet ynskjer å ta denne saka opp att.
- I skrivande stund er den offisielle opninga av minnelunden rett rundt hjørna. Allereie er 8 namneplater kome på plass, og fleire er ventande.

Sak 10/26 Økonomisk kvartalsrapport 1. kvartal 2026

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande.

Rapporten syner eit kvartalsresultat på minus kr 151 000,- Rapporten fortel likevel ikkje heile sanninga – ved periodisering av inntekta frå biskopen, ville tala vore positive. Tala viser at me har ein viss kontroll, - men også at forbruket er større enn inntekta kvar månad. Kostnadskutt kjem me ikkje utanom.

Rapporten er send som eige dokument til fellesrådet.

Sak 11/26 Avtale om flygelkjøp til Norheimsund kyrkje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at fellesrådet blir Hardingtonar sin avtalepartner med tanke på nytt flygel til Norheimsund kyrkje, i staden for Vikøy sokneråd. Det er eit ufråvikeleg krav frå fellesrådet at kjøpet vert fullfinansiert gjennom innsamling og tilskot, og ikkje belastar fellesrådet sin driftsøkonomi. Driftsavtalen mellom Hardingtonar og fellesrådet vert å handsama når flygelet vert kjøpt inn.

Fellesrådet kjenner saka omkring flygelet i Norheimsund kyrkje. Flygelet har sett sine beste dagar, og er moge for utskifting. Det er difor danna ein felles flygelkomite med Hardingtonar, som frå kyrkja si side består av Sevi A. Øvrehus, Ulf Krupka, Olav Skeie Lid og Tove Fjell. Ein ser for seg ein felles innsamlingsaksjon, med tilskot og gåver frå frivillige, bankar og stiftingar. Spleis, kronerulling, Vipps – alt må nyttast. Symbolske kjøp av tangentar er også lufta, i tråd med slik ein gjorde det då Kabuso fekk seg nytt instrument. Dette innsamlingsarbeidet vil pågå det komande året. Til våren 2027 er det så tanken at ein skal gå til innkjøp av instrumentet, basert på dei finansielle musklane ein då har til rådvelde. Kjøpet må vera i tråd med lov om offentleg tileigning, og kriteria som skal liggja til grunn for utlysinga, må syta for at flygelkomiteen har full kontroll på val av instrument.

Dagens vedtak er berre ei stadfesting av at fellesrådet seier ja til å vera avtalepartner inn mot Hardingtonar, i staden for soknerådet i Vikøy. Det gjev mening på fleire plan: fellesrådet vil – i motsetning til soknerådet - få att momsen på kjøpet, og dei tilsette kantorane vil naturleg vera ein del av komiteen.

Det er utarbeidd ei skisse til kjøp- og driftsavtale. Denne ligg ved som informasjon i dag, men vert å handsama når prosessen er komen lenger, og detaljane på plass.

12/26 Endra økonomisk praksis for klokkarteneste

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at klokkartilskotet til sokneråda vert fjerna frå og med rekneskapsåret 2026, og at stillinga som klokkar i Ålvik vert teken bort frå 1. juli 2026.

Fellesrådet sin økonomiske situasjon torer vera velkjent. Me brukar heile tida litt meir pengar enn me får inn, trass sparetiltak – jfr dagens kvartalsrapport. Me vert springande etter og sløkkja brannar, og gjer berre vedlikehald som ikkje kostar noko. I det lange løp er ikkje dette berekraftig i det heile.

Det er ikkje mange innsparingsverktøy me har i verktøykassen, men på eitt område har Kvam kyrkjelege fellesråd valt å fylgja lovens bokstav lenger enn dei fleste andre fellesråd: me har heile tida halde oss med betalt klokkarteneste. Denne tenesta er ei lovpålagd oppgåve, som eigentleg skal finansierast av heradet gjennom deira tilskot. Sokneråda våre i Vikøy, Øystese og Strandebarm får difor utbetalt tilskot frå fellesrådet, basert på at dei utfører denne tenesta som ei dugnadsteneste. Med tungt hjarta foreslår kyrkjevevja å ta bort dette tilskotet.

Tungt hjarta fordi desse pengane som vert tilført soknerådet på denne måten, har i betydeleg grad gått vidare til ungdomsarbeid i bygdene våre. Til dømes har Ungdomskoret nytt godt av gåver frå sokneråda, basert på desse tilskota. Ei økonomisk vengeklipping av sokneråda sit difor langt inne å tilrå – men det utgjer så vidt mange kroner at kyrkjevevje ikkje ser nokon veg utanom. Innsparinga utgjer ca kr **125 000,-** i året.

Det høyrer med til soga at svært mange stader i landet vårt er denne ordninga med betaling for klokkartenester for lengst teken bort, og erstatta med – ja, nettopp dugnad.

13/26 Godkjenning av søknad om kyrkjeskjip i Øystese kyrkje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at Øystese sokneråd sender søknad til biskop om å få hengja opp eit kyrkjeskjip i Øystese kyrkje.

Ordninga med kyrkjeskjip som utsmykning og symbolikk er gammal i landet vårt. Mange kyrkjer har dette innslaget, der skuter i ymse storleikar og fasongar, heng som forvitneleg og fantasi-eggjande pynt frå taket. Symbolikken er velkjend: skuta er eit symbol på at me alle er undervegs i livet, og det eigentlege kyrkjeskippet, altså kyrkjerommet, er farkosten som ber gjennom brott og bylgje i livs-seglasen.

Kyrkjene i Kvam har så langt kyrkjevevja veit, aldri hatt slike innslag. No har det meldt seg ein gjevar i Øystese. Han ynskjer at ein skutemodell som han eig, kan få hengja i Øystese kyrkje. Soknerådet har handsama saka, og dei ynskjer å leggja til rette for dette. Skuta er prøveopphengt, og alle hovud i soknerådet har nikka: dette vil dei søkja biskopen om å få lov til. Endåtil fargen på skroget samstemte med dei andre fargane i kyrkjerommet.

Fellesrådet skal også ha saka på sitt bord, og kyrkjevevje ser ingen grunn til å gå imot vedtaket i soknerådet. Med eit lite atterhald om at det er viktig at kyrkjelyden er involvert i avgjerda, (med eit nyleg tiltak friskt i minne), så helsar kyrkjevevje skuta velkomen.

14/26 Revidert budsjett

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek justert budsjett som framlagt.

Kostnader		Budsjett 2026
010	Fastlønn, feriepengar mm	6 400 000
020	Vikarer	0
080	Styrehonorar	45 000
090	Pensjonskostnad	1 100 000
098	Refusjon NAV, lønnstilskot	-300 000
095	Yrkesskadeforsikring	50 000
165	Andre personalkostnader	0
099	AGA	773 270
100	Kontormateriell	150 000
110	Aktivitetsrelatert forbruksmat/ utstyr/tjenester (herunder konf.leir)	400 000
120	Annet forbruksmaterieil	
270	Kjøp av tenester	300 000
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	80 000
140	Annonser, reklame, info og repr.	80 000
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	25 000
240	Bilkostnader	80 000
170	Køyregodtgjersle	100 000

180	Energi	500 000
120	Renhold, renovasjon	150 000
185	Forsikringer, inkl. bil	300 000
190	Leie av lokaler og grunn	15 000
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	250 000
200	Inventar og utstyr	50 000
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	35 000
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	40 000
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	350 000
240	Serviceavtaler og reparasjoner	150 000
250	Materialer til vedlikehold, inkl arbeidskle	100 000
265	Vakthold og vektertjenester, alarm	50 000
270	Rekneskap og revisjon	325 000
350	Refusjon til menighetsråd	85 000
195	Kontingentar	100 000
110	Andre kostnader, inkl. tap på krav	100 000
429	Mva som gir rett til momskompensasjon	
500	Renteutgifter	40 000
510	Avdragsutgifter	
530	Dekning av tidligere års regnskapsm. merforbruk	
540	Avsetning til disposisjonsfond	
550	Avsetninger til bundne fond	
570	Overføring til investeringsrekneskap	30 000
580	Regnskapsmessig overskudd	
590	Avskrivninger	500 000
Sum		12 453 270

285 676

2,3 %

Inntekter		Budsjett 2026
600	Brukerbetaling ved kirkelige tjenester	150 000
	Annonseinntekter kyrkjeblad	75 000
610	Betaling fra deltakere (konfirmantar, inkl. leir)	240 000
	Billettinntekter	30 000
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	800 000
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester (Gravstell)	400 000
710	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner/tilskot frå NAV	260 000
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet	

729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet	650 000
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	1 490 000
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	7 400 000
850	Tilskudd fra menighetsråd	50 000
870	Tilskudd/gaver fra andre, kyrkjeblad	250 000
	Andre inntekter	150 000
900	Renteinntekter	40 000
950	Bruk av bundne fond	
930	Bruk av udisponert frå tidl år	
980	Regnskapsmessig underskudd	
990	Motpost avskrivninger	500 000
Sum		12 485 000
		31 730